

# Lausmassekart

over

## SEL OG VÅGÅ kommunar



Målestokk 1 : 250 000


0 5 10 15 20 25 km

Ekvidistanse 100 m

Kartet er basert på Kvartærgeologiske kart over Jotunheimen i målestokk 1:250 000 (P. Holmsen). Vågå kommune er modifisert med bakgrunn i Jordartskart over Noreg (M. Thoresen). Sel kommune er basert på kartlegging i 1995 og 1996 (B. Bergstrøm). All kartlegging er utført av NGU.



### Lokaliseringsskart



### TEIKNFORKLARING

**Morenemateriale - tjukt og samanhengjande dekke**  
Morenemateriale er avsett direkte av isbrear. Brear i rørsle riv opp Stein fra berggrunnen eller delar av gamle jordlag. Denne massen blir knust og blanda saman av trykket fra isen. I ein bre kan vi derfor finne alt frå store steinblokker til leire. Somme stader legg breen seg jord som dannar eit dekke over grunnen. Dette jordlaget kan gjerne bli meir enn metertjukt og hengje saman over store arealet.

**Morenemateriale - tunt eller usamanhengjande dekke**  
Tunt eller usamanhengjande dekke blir til slik som tjukk morene bli til, men er som regel mindre enn ein meter tjukk. Fjellet stikk gjerne fram i dagen her og der.

#### Endemorene

Endemoren eller randmorene blir til ved at ein isbre skuvar laust materiale opp framfor seg og dannar ein bøgeforma rygg av Stein og større blokker. Dei fleste endemorenane i området er yngre enn 250 år.

#### Breelavsetjingar

Breelavsetjingar er lausmassar som er frakta med og avsette i smeltevatn frå isbreane som dekte landet under istida. Breelvene grev seg gjerne ned og lét etter seg dype renner og ravinar i morenemassen. Nokre breelavsetjingar dekkjer store områder og dannar grunnlag for dei beste sand-, grus- og grunnvassressursane våre.

#### Elveavsetjingar

Elveavsetjingar blir til ved at rennande vatn grev ut og fraktar med seg lausmassar som blir avsette der terrenget blir flatare, eller der elva renn ut i eit vatn. Elveavsetjingane er samansette av Stein, grus, sand og silt.

#### Bresjøavsetjingar

Bresjøavsetjingar blir til i sjøar som er oppdemde av isen. Dei er som regel samansette av fin sand og silt som blir frakta med smeltevasselvar ut i bresjøen.

#### Forvitningsmateriale

Forvitningsmateriale finst stort sett i hogfjellet der det blir til ved frostspredding av berggrunnen. Prosesen verkar der det er temperatursvingningar rundt nullpunktet. På slike områder lagar det seg gjerne eit blokkhav der storleiken og forma på blokkene avheng sterkt av bergarten.

#### Skredmateriale

Ur etter steinsprang breier seg ut som vifter under bergsider, i juv og skar. Slikt skredmateriale ligg også gjerne som breie soner under stup og bratte fjellsider.

#### Snautt fjell (fjell i dagen)

Snautt fjell er område der dekket av lausmassar er svært tunt og usamanhengjande, eller det manglar heilt.

